

# Familie - januar 8. trinn

## Ungdomsfamilien

- Start med å sjå denne musikkvideoen: [MattyBRaps - Life Is Unfair - YouTube](#).

Kvífor blir ungdom ofte så flauge over foreldra sine?

La elevane snakke saman to og to: Kvífor blir ungdomar ofte så flauge av foreldra sine?

- Sjå denne korte videoen som forklarer litt rundt foreldra si rolle: [Home Life: Why Are Parents So Annoying? - YouTube](#) (sett på tekst ved å klikke på CC på verktøylinja). Om du har elevar i klassa di som ikkje forstår engelsk så godt, så forklar litt før og etter filmen.

- Kva har vi vore avhengig av foreldra våre til før?
- Kva treng vi dei framleis til?

La elevane snakke saman to og to: Kva har vi vore avhengig av foreldra våre til før? Kva treng vi dei framleis til?

### Familien påverkar på mange måtar

- Vi skal sjå ein film som handlar om psykisk helse, og om kva som påverkar denne. [4. Hva påvirker den psykiske helsen vår? - YouTube](#)

- Korleis kan familien påverke kvarandre si psykiske helse på ein god måte?

Sei noko slikt til elevane: «I filmen her seier dei altså at det er 3 ulike faktorar som påverkar den psykiske helsa, det vi er født med (gener), det vi opplever medan vi veks opp – og dei snakkar om vald og overgrep. Vi veit at mange har opplevd slike ting. Om nokon av dykk har behov for å snakke med nokon av oss som jobbar her så vil vi gjerne hjelpe! (ikkje dvel ved dette no, men sjå etter signal frå elevar og følg det opp i etterkant). Det siste punktet som påverkar korleis vi har det i kvardagen er altså korleis vi har det i kvardagen. Vi skal jobbe litt med dette siste punktet no. Eg har med nokre brosjyrar med familieferdigheiter – rett og slett smarte måtar å snakke saman på foreldre og ungdom. De skal få lov å øve litt saman no 2 eller 3 i lag.

Du vel sjølv korleis du vil organisere dette. Skal elevane kome fram å velje seg ein ferdighet å jobbe med? Skal alle jobbe med dei same etter tur? Skal ferdighetene plasserast som ulike stasjonar rundt i rommet? Skal gruppene få alle brosjyrane samtidig? Gå rundt i rommet og sjå at dei kjem i gang.

- Her kjem ein film med råd frå ungdommen til foreldre før januar.

Etter filmen: først individuelt: «Viss du var ein forelder heime, korleis ville du ha vore for at alle i familien skulle ha det best mogleg?»

Så gruppeoppgåve: Del elevane inn i grupper på fire og be dei lage ei oppskrift, med ingrediensliste, på ein perfekt ungdomsfamilie. Skriv oppskrifta på eit ark, som om det var i ei oppskriftsbok.

Det er fint om gruppene kan presentere oppskriftene sine i klassa. Er det mykje som går igjen?

- Avslutt eventuelt med å sjå denne: [Verdens beste familie - YouTube](#)